



Jazz høyrer med og likeeins Borge Olsen med drabantar (Foto: Ola Matti Mathisen)

På jonsokafta, laurdag 23.juni, vert på nytt skipa til Bøkkerkveld i sjøbua på Rød. Programmet er klart og vert kunngjort i desse dagar.

Kjell Borge Olsen vilstilla med ein jazzkvartett. Med seg har han Leif Henrik Olsen (gitar),Bjarne Øymyr (piano) og Stein Haugen (bass). To av artistane, Bjarne og Stein, er kjende frå gruppa Rosendal Jazzverk. Kjell Borge Olsen har vore det faste innslaget på Rød sidan starten for 15 år sidan. Gitaristen Leif Henrik har og vore med fleire gonger.

Det vert kåseri om jonsoktradisjonen av Svein Rimestad. Dag Helland vert med og vil ha innslag. Menyen er tradisjonell med lubbesild, poteta og flatbrød. Bålet vert tend ved midnattstid.

Sidan Bøkkerkvelden er lagt til jonsokafta i år, er det rimeleg at mange vil vera med familien tidleg på kvelden. Dei som ynskjer å vera med på Rød, bør likevel vera frammøtt seinast kl. 22.

Påmelding til: kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no eller mobil: 915 31 487